

# Homoskandale!

## Sosialdemokrati, sensasjon og seksualitet i Bergen i 1909<sup>1</sup>

Runar Jordåen

Den 15. mai 1909 kom avisa *Arbeidet* – Det norske arbeiderpartis organ i Bergen – med ei avsløring som i dagane og vekene som følgde skulle skaka det bergenske borgarskapet i grunnvollane. Under overskrifter som «Homo!» og «Homoskandalen» påsto avisa at ein av byens fremste borgarar hadde hatt seksuelle forhold til unge menn av arbeidarklassa. Avsløringane og pressedekninga av desse gir oss eit heilt nytt blick på korleis den nye kategorien «homoseksualitet» – eit omgrep som først var introdusert i det norske språket på 1890-talet – blei popularisert og politisert av den raskt veksande arbeidarrørsla.

Sensasjonsjournalistikk og skandalar har i liten grad vore sett på som eit seriøst forskingstema for historikarar, dei har snarare vore oppfatta som kuriositetar eller parentesar.<sup>2</sup> I denne artikkelen vil eg visa at eit nærmare blick på ein skandaleprosess tvert om kan opna for nye innsikter. Ei nærlesing av hendingane i Bergen våren og sommaren 1909 kan gi eit nytt perspektiv på korleis politikk, media og seksualitet hang saman på byrjinga av 1900-talet. Meir spesifikt viser saka korleis homoseksualitet og seksuelt misbruk av unge kunne knytast saman og koplast til ein kritikk av både rettssystemet og den etablerte eliten. Gjennom å sjå nærmare på denne saka vil eg undersøka korleis ei ny politisk rørsle gjennom ein ny type journalistikk kunne setja politisk dagsorden og konfrontera det beståande samfunnet.

### Ei pikant avsløring

Overskrifta «Homo! Er det ikke paatide at gribe ind?» var sett med store bokstavar i laurdagsavisa til *Arbeidet* 15. mai 1909.<sup>3</sup> I vekene som følgde skulle avisa følgja opp, på det mest intense med daglege



«Homo! Er det ikke paatide at gribe ind?»  
Med denne overskrifta sette avisa *Arbeidet* tonen for den store skandalesaka som rysta Bergen i 1909.

<sup>1</sup> Ein stor takk til Heidi Rohde Rafto ved Skeivt arkiv for å ha lese grundig og kome med konstruktive innspel til teksten, og til Anita Riise og Kenneth Bratland ved Statsarkivet i Bergen samt Tor-Magnus Lien ved Bergen Byarkiv for hjelp med kjeldarbeidet.

<sup>2</sup> Bösch, *Öffentliche Geheimnisse*, 2-3.

<sup>3</sup> *Arbeidet* 15. mai 1909.

saker under overskrifta «homoskandalen». Artikkelen i *Arbeidet* byrja med følgjande pikante anslag: «Det har i mange aar været en offentlig hemmelighed, at vi her i byen har en del perverse «mandfolk», der gjør sig skyldig i udsvævelser, som man af velandstændighedshensyn ikke nærmere kan karakterisere i et dagblads spalter».

Det var i følge avisa mange grunnar til at ingen hadde gjort noko med «dette modbydelige uvæsen» tidlegare: Først og fremst var det fordi dei det gjaldt til dels hadde høge stillingar i samfunnet, noko som hadde gjort at verken den borgarlege pressa eller rettsvesenet hadde våga å gripa fatt i det. I tillegg var det vanskeleg å bevisa slike handlingar då dei som var innblanda hadde interesse av å halda saman og ikkje røpa seg. For *Arbeidet* og redaktør Ivar Angell-Olsen (1866-1938) kom også eit anna omsyn inn, nemleg at slike forhold langt på veg måtte seiast å vera ei privatsak så lenge «disse personer kun søgte selskab med voksne ligesindede».

Grunnen til at avisa no likevel tok bladet frå munnen var at dei hadde fått stadfesta mistankar om at dei mennene det var snakk om no også søkte å trekka til seg unge menneske for å misbruka dei. Då var det ikkje lenger ei privatsak, men ei samfunnsfare, då unge menneske «[...] forføres til laster, der beviselig forkvakler hele deres udvikling samt før eller senere ødelægger dem baade fysisk og intellektuelt [...]»<sup>4</sup> Heilt konkret meinte avisa at han dei såg som hovudmannen måtte gjerast uskadeleg og stillast for retten. Ikkje berre hadde han forhold til «en del flot anlagt gutter», han bidrog òg med å halda dei med elegante klede og rikeleg med lommepengar.

### Statsadvokaten grip inn

I neste utgåve av avisa, tysdag 18. mai, blei det slått fast at saka hadde vakt stor oppsikt, ja til dels panikkstemning etter oppslaget i laurdagsavisa.<sup>5</sup> *Arbeidet* forsikra om at det ikkje hadde vore føremålet å skapa frykt, men å åtvara mot «uvæsenet» og be rettsvesenet om å behandla denne mannen på same måte som vanlege borgarar blei behandla etter å ha blitt meldt for ulovlege handlingar.

Det som skjedde i kjølvatnet av avsløringane blei framstilt som ei stadfesting av at lova ikkje var lik for alle: To gutar, som var tiltalt for tjuveri, hadde allereie tilstått å hatt eit forhold til hovudmannen, og laurdag kveld blei dei tatt inn til forhør saman med han. Her tilstod han, i følge *Arbeidet*, forholdet til den eldste av dei to gutane, men ikkje til den yngste. Alderen på dei to blei aldri nemnd i avisoppslaga, men det var snakk om ein 15-åring og ein 18-åring. Mannen, som var i byrjinga av 40-åra, blei så fengsla. *Arbeidet* skreiv: «[...] nu gik det for alvor løs i de samfundsbevarendes leir. Statsadvokaten som var blit varslet af en eller anden, sprang rundt til langt ud paa natten og hadde det svare travlt [sic]».<sup>6</sup>

<sup>4</sup> *Arbeidet*, 15. mai 1909.

<sup>5</sup> *Arbeidet* 18. mai 1909.

<sup>6</sup> *Ibid.*

Resultatet var at mannen dagen etter blei sett på frifot. Samstundes blei den yngste av gutane lauslaten for tjuveriet han var arrestert for. *Arbeidet* meinte statsadvokat Kristoffer Vedeler (1856-1928) hadde handla partisk og bidratt til å få mannen ut av varetekt. No var det fare for at han kunne gjera avtalar og øydelegga potensielle bevis.

Dagen etter, 19. mai, tok redaktør Angell-Olsen steget fullt ut og opplyste at mannen det var snakk om heitte Fridtjof Sundt.<sup>7</sup> I tida før han blei statsadvokat, hadde Vedeler vore involvert i spekulasjonar i samband med jobbetida, og hadde tapt stort. Han hadde då fått finansiell hjelp av Sundt, og sto framleis i eit gjeldsforhold til han.

Angell-Olsen meinte no Sundt hadde alle føresetnader for å utnytta tida i fridom: han hadde både pengar og gode kontaktar, dessutan hadde han allereie engasjert ein forsvarsadvokat. For arbeidarrørsla sitt organ i Bergen var dette eit prov på klassejustisen som råda i samfunnet: medan rettssystemet la seg i selen for å få dømd småforbrytarar hegna det om rikmenn på ein måte som vakte allmenn avsky.

### Fridtjof Sundt

Fridtjof Sundt (1867-1922) var ingen kven som helst. Han var son av den berømte Christian Gerhard Ameln Sundt (1816-1901), også kjend som C. Sundt, som har vore karakterisert som «Bergens fremste selvgjorte rikmann, mangfoldige samfunnsstøtte, utrettelige velgjører og ukronede overhode» på andre halvdel av 1800-talet.<sup>8</sup> Firmaet hans hadde hovudkontor i Strandgaten 59, og C. Sundt gjorde det stort med handel og distribusjon av manufakturvarer. Han blei ein sentral aktør i nordlandshandelen med ein stor kundekrins blant handelsmenn nordpå.<sup>9</sup> Dessutan sat han i over 40 år i bystyret, hadde mange sentrale styreverv i kulturlivet, og donerte raust gjennom legat og tilskott til institusjonar som Bergens Museum.<sup>10</sup>

Fridtjof var den yngste av C. Sundt sine 11 born.<sup>11</sup> Då han blei fødd i 1867 budde familien framleis i Strandgaten, men eit par år seinare flytte dei til til ein stor villa i Kalfarveien 43,<sup>12</sup> der Fridtjof vaks opp som del av det absolutte bergenske oversjiktet. Oppveksten var ikkje berre prega av økonomisk overflod, men og av kulturelle opplevingar. C. Sundt hadde kontaktar og personlege vener i Tyskland, Frankrike og England, og etter at han overlet firmaet til ein av sønene i 1875, reiste han kvart år med barn og barnebarn til Parisarsalongen, den største og viktigaste kunstutstillinga i verda på denne tida.<sup>13</sup>

<sup>7</sup> *Arbeidet* 19. mai 1909.

<sup>8</sup> Svendsen, *Sundt*.

<sup>9</sup> Finne-Grønn, *Den vestlandske slekt Sundt*, 207-208; Amundsen og Simonnæs, *Sundt*, 62.

<sup>10</sup> Finne-Grønn, *Den vestlandske slekt Sundt*, 214.

<sup>11</sup> SAB: Nykirken Sogneprestembete, H/Haaa: Ministerialbok nr. B 2, 1858-1869, s. 123.

<sup>12</sup> Finne-Grønn, *Den vestlandske slekt Sundt*, 212.

<sup>13</sup> *Ibid*, 215.



Sundt & Co sine lokale i Strandgaten 59 på 1860-talet. Fridtjof Sundt blei fødd og budde sine to første leveår her. Foto: Marcus Selmer. Universitetsbiblioteket i Bergen, Billedsamlingen, UBB-S-047.

Alt låg altså til rette for Fridtjof som fekk sin skulegang både frå den ærverdige Bergen katedralskule og, som fleire av sine brør før han, frå handelsakademiet i Leipzig. Etter artium studerte han medisin i to år i Kristiania, før han braut av studia og byrja å arbeida i skipsbransjen i Bergen som skipsmeklar. Han gjorde det godt og investerte også i fabrikk- og gruvedrift.<sup>14</sup> I 1909 var Fridtjof busett i ein stor villa i Lungegaardsbakken 1.<sup>15</sup>

### Eit målretta slag

Som faren sette også Fridtjof Sundt merke etter seg i det bergenske kultur- og samfunnslivet. Han var kasserar for Det nyttige selskap frå 1906 til sin død i 1922.<sup>16</sup> Han var ein ivrig seglar, og deltok i mange regattaer.<sup>17</sup> Ikkje minst var han aktiv i musikklivet: Han blei i 1902 vald inn i styret for Harmonien som varamann for Edvard Grieg, og var lenge eit aktivt medlem, seinare også formann. Han var ei drivande kraft bak opprettinga av Bergen musikkakademi – forløparen til dagens Griegakademi.<sup>18</sup>

<sup>14</sup> Ibid, 248.

<sup>15</sup> SAB: Bergen folkeregister: Folkeregisterkort Fridtjof Sundt.

<sup>16</sup> Wiesener, *Det nyttige selskab*, 46.

<sup>17</sup> Finne-Grønn, *Den vestlandske slekt Sundt*, 248.

<sup>18</sup> Berg, *Musikkselskabet Harmonien*, 286; Finne-Grønn, *Den vestlandske slekt Sundt*, 248.

Broren Gerhard Sundt (1850-1910) tok over farens firma i 1875, men også dei andre søskena fekk sentrale posisjonar i det bergenske næringslivet. Den eldste søstera til Fridtjof, Sophia Catharina (1849-1912) var gift med industri mannen, skipsreiaren og politikaren Peter Jebsen (1824-1892).

Med avsløringane om Fridtjof Sundt råka *Arbeidet* og Angell-Olsen ikkje berre ein einskildperson, men ein av dei fremste borgarfamiliane i Bergen. Den radikale redaktøren var sjølvsagt klar over at han ved å sverta familien Sundt, med sine økonomiske og sosiale band til store delar av den bergenske eliten, ville skapa sjokkbølger. Han hadde starta kampanjen med å skriva om «en del perverse 'mandfolk'», men saka kom spesifikt til å handla om ein av desse. Siktet var med andre ord stilt inn på eit av punkta der det ville smerta aller mest for det bergenske borgarskapet.

#### Brot med diskresjonslinja

Dei første dagane var det utelukkande *Arbeidet* som skreiv om den såkalla «homoskandalen».

Grunnane til dette kan vera mange, men det var lange tradisjonar for ikkje å gripa inn mot likekjønna seksualitet med mindre det blei oppfatta som tvingande naudsynt. I den juridiske litteraturen og diskusjonen hadde det lenge vore argumentert for at ei rettssak kunne ha uheldige følgjer for samfunnet i og med at det då blei tala om denne typen unemnelege handlingar. Dette var også ein av grunnane til at Noreg i den nye straffelova av 1902 fekk ein § 213 som rettnok gjorde «utuktig Omgjængelse» mellom menn straffbart med fengsel inntil eitt år, men som presiserte at det berre skulla komma til påtale om «almene Hensyn» påkravde det.<sup>19</sup> I forarbeida til straffelova blei dette tolka som at seksualitet mellom menn *ikkje* burde påtalast der dei gjekk føre seg «ubemærket og paa en Maade, der ikke særlig skader almene Interesser».<sup>20</sup> Derimot skulle det reisast tiltale når saka hadde vakt offentleg forargelse, og når det var snakk om prostitusjon eller forføring av unge menneske.

Forhold til mindreårige gutar, det vil seie gutar under 16 år, blei omfatta av andre paragrafer. Slike forhold blei etter straffelova likestilt med tilsvarande handlingar mot unge jenter (§ 195



På dette visittkortet er Fridtjof Sundt i byrjinga av tjuetåra. Påskrift på baksida: «august 1889». Fotograf: Johan von der Fehr. Universitetsbiblioteket i Bergen, Billedsamlingen: UBB-BS-OK-00382.

<sup>19</sup> Sjø Halsos, «When public interest demands» og Jordåen, «Frå synd til sjukdom?».

<sup>20</sup> Jordåen, «Frå synd til sjukdom?», 39.

og 212). Men ved forhold mellom ein vaksen mann og gutar frå 16 år og opp til kring 20-årsalderen, kunne ein ta i bruk § 213.

Om *Arbeidet* hadde detaljkunnskap om § 213 og grensene for når denne kunne handhevast er uvisst. Opplysningane om at det involverte unge og at desse såg ut for til å bli utstyrt med pengar og fine klede kan kanskje tolkast i den retninga. Om ikkje eit forhold mellom ein prominent person som Sundt og unge gutar kunne seiast å vekkja «offentleg forargelse» - kva gjorde det då?

### Ein ny type journalistikk

At det var nettopp Ivar Angell-Olsen og *Arbeidet* som tok bladet frå munnen og braut høgt og tydeleg med diskresjonslinja er kanskje ikkje tilfeldig.

Angell-Olsen kom frå små kår i Nordland, men gjorde raskt karriere i den gryande arbeidarpressen. Han var først redaktør i *Ny Tid* i Trondheim og drog så til København for å arbeida i den danske *Social-Demokraten* i 1903. Her lærte han moderne avisdrift; denne avisa sto i spissen for ei utvikling med sterkt fokus på nyhendestoff og ein ny type journalistikk. Då han i 1904 tok over *Arbeidet* førde det til ei markant omlegging og kraftig opplagsauke, frå 2700 då han byrja til 9200 i 1910.<sup>21</sup> Medan Sundt-saka pågjekk reklamerte avisa med at ho var det «mest utbrede Dagblad i Bergen og Fabrikdistrikterne i Amterne».<sup>22</sup> Avisa var tatt over av Bergen Arbeidarparti frå fagforeiningane i byen i 1905, og bandet til partiet var sterkt. Redaktørane hadde gjerne viktige tillitsverv: Angell-Olsen sat mellom anna i landsstyret for Arbeidarpartiet.<sup>23</sup> Reint fysisk var også avis og parti knytt tett saman ved at redaksjonen låg i Folkets Hus.



Avisa *Arbeidet* var tett knytt til Arbeidarpartiet, og heldt til i Folkets hus i Håkonsgaten 5.

*Arbeidet* under Angell-Olsen var ei populær avis med ein konfronterande tone, avsløringar og underholdande stoff.<sup>24</sup> I 1914 blei han avløyst av Olav Schefflo, som sto for ei meir radikal politisk linje i tråd med den såkalla fagopposisjonen sitt program, men som journalistisk rep-

<sup>21</sup> Rolland, «Arbeiderpressen», 136.

<sup>22</sup> Sjå t.d. annonse i *Arbeidet* 7. juni 1909.

<sup>23</sup> Bjørnson, *På klassekampens grunn*, 274, 277; Rolland, «Arbeiderpressen», 136.

<sup>24</sup> Sjå m.a. Nordahl, *Minner og meninger*, 16.

resenterte ein meir sober og mindre populær stil. Resultatet var at opplagstala gjekk ned.<sup>25</sup> Ivar Angell-Olsen hadde sans for det sensasjonelle, og med Sundt-saka viste han at han slett ikkje var redd for å provosera etablisementet.

Når ein i tiåra kring år 1900 fekk ei opphoping av skandalar, er det knytt til framveksten av ei massepresse og den typen formending av journalistikken som Angell-Olsen sto for. Den tyske historikaren Frank Bösch framhevar dette og vektlegg i tillegg at det i dette tidsrommet skjedde ei demokratisering og politisering av samfunnet: Det oppsto nye konfliktlinjer basert på alternative verdsbilete («weltanschauliche Konfliktlinien»). Ein fekk *deloffentlegheit* basert på desse verdsbileta, noko Bösch meiner var avgjerande for at medieskapte skandalar kunne bli til.<sup>26</sup> I tråd med dette kan me seia at framveksten av arbeidarrørsla, med eit radikalt annleis verdsbilete enn det dei andre politiske partia sto for, kombinert med ein ny type journalistikk, som Angell-Olsen og *Arbeidet* sto i spissen for, var avgjerande føresetnader for ei medieskandale som Sundt-saka i 1909.

### Konfrontasjon og folkemøte

*Arbeidet* hadde altså brote med uskrivne reglar i den bergenske pressa ved sine avsløringar dei første dagane etter 15. mai. Men saka var på ingen måte uttømt, tvert om skulle situasjonen ytterlegare spissa seg til. Fredag 21. mai kunne *Arbeidet* fortelja om ein direkte konfrontasjon mellom avisa - representert ved redaktør Ivar Angell-Olsen - og Fridtjof Sundt, dagen før.<sup>27</sup> Redaktøren hadde då vore på postkontoret for å tømme postkassa til avisa, men blei møtt av ein rasande Sundt som søkte å sperra inngangen og «hvæset mellem tænderne: Hvem er De – hvem er De». Angell-Olsen hadde med seg to av borna sine – som var fire og seks år – og klarte å komma seg ut av postkontoret og ned på politistasjonen der han meldte Sundt for forsøk på overfall. Saka enda med at Sundt blei bøtelagt.<sup>28</sup>

Men bølgiene hadde så visst ikkje lagt seg – tre dagar etter episoden på postkontoret blei det for alvor klart i kor stor grad saka hadde sett sinna i kok. Sondag 23. mai var det nemleg duka for folkemøte om saka på Folkets Hus. Arbeidarpartiet sitt hovudorgan, *Social-Demokraten*, kunne fortelja at lokalet hadde vore fullpakka og at mange hundre menneske ikkje fekk plass. Redaktør Angell-Olsen heldt tale før forsamlinga vedtok ein resolusjon. Denne uttrykte uro for at det i Bergen hadde utvikla seg «homoseksuelle laster, hvori ogsaa unge mennesker inddras», og at påtalemakta i byen hadde unnlate å gripa inn mot forholda. I tillegg meinte folkemengda i følgje resolusjonen at ein for å «beskytte unge mennesker mot efterstræbelser fra perverse og degenererte personer» måtte arbeida førebyggjande ved at politiet samarbeidde med foreldre og skule. Slik kunne ein oppnå det som var hovudmålet, nemleg

<sup>25</sup> Rolland, «Arbeiderpressen», 136, Linder, *Seksualpolitikk og kvinnekamp*, 41.

<sup>26</sup> Bösch, *Öffentliche Geheimnisse*, 4.

<sup>27</sup> *Arbeidet* 21. mai 1909.

<sup>28</sup> SAB: Hordaland Statsadvokatembete: A 13 Justistprotokoll 1908-09, sak 276-09 og E 5 Brevjournal 1906-09, 668.

«bevare de flest mulige unge mennesker for samfundet».<sup>29</sup> I følge resolusjonen besto møtet av 700 vaksne menn, dei fleste fedre.

### Kritikk mot Aftenbladet

For *Arbeidet* gav Sundt-saka høve til å påpeika både feigskap, dobbeltmoral og ulikskap for lova. Brodden gjekk i denne, som mange andre saker mot «borgerpressen», særleg mot høgrevisa *Bergens Aftenblad*, som ikkje nemnde saka med eit ord før 25. mai. Avisa forsvarte då statsadvokaten sin inngripen mot varetektsfengslinga av Sundt, som dei meinte var heilt korrekt, og kritiserte *Arbeidet* for å villa slå mynt på skandalen.<sup>30</sup>

Dagen etter repliserte *Arbeidet* med å hevda at ikkje ein gong *Aftenbladet* sine eigne meiningsfeller var samde i avisa si vurdering, og harselerte med påstanden om at *Arbeidet* sitt motiv var profitt. Artikkelen enda med ein trugsel om høgrevisa heldt fram med å forsvara usedelegheita som gjekk føre seg. *Aftenbladet* burde berre vera glad for at *Arbeidet* ikkje gjekk lenger i sine avsløringar om rike bergensarar: «[...] thi selv her i Bergen kan der komme en syndflod, hvis bølger skyller høit over de høieste huse».<sup>31</sup> Det siste meinte Angell-Olsen *Aftenbladet* kunne henga opp på veggen som ei påmining.

Arbeidarpartiet sitt organ i Bergen trudde ikkje ein augneblink på at *Aftenbladet* ville ha forsvart statsadvokaten om saka hadde vore snudd på hovudet; om ein fattig arbeidar hadde misbrukt gutar frå betrestilte familiar.<sup>32</sup>

Men på den borgarlege sida var det heller inga unison støtte for Sundt og *Aftenbladets* synspunkt. I *Morgenavisen* stilte skulestyrar Edvard Isak Hambro (1847-1909) spørsmål ved at saka blei tagd vekk av den borgarlege pressa.<sup>33</sup> Han åtvara mot at det kunne føra til tvil om det herska lov og orden og om det var likskap for lova. Han meinte dessutan det måtte vera rett og rimeleg at påtalemakta tok saka alvorleg, at byens borgarar fekk vita kva som hadde føregått, og at lova skulle vera lik for alle.

### Ei nasjonal skandale

Også i hovudstaden blei saka etter kvart omtalt, først av *Social-Demokraten*, som la vekt på at det var snakk om misbruk av unge gutar.<sup>34</sup> I motsetning til *Arbeidet* brukte dei ikkje omgrepet «homoskandale». Avisa refererte dessutan direkte til § 213, og at påtale berre skulle skje når det var påkravd at almenne omsyn. Paragrafen skulle berre brukast når «den offentlige

<sup>29</sup> *Social-Demokraten* 26. mai 1909.

<sup>30</sup> *Bergens Aftenblad* 25. mai 1909.

<sup>31</sup> *Arbeidet* 26. mai 1909.

<sup>32</sup> *Arbeidet* 28. mai 1909.

<sup>33</sup> *Morgenavisen* 2. juni 1909. Artikkelen er underskriven med initialane E.I.H. Eit eksemplar av avisa ligg også i Riksadvokatens journalsaker, her er det skrive på med blyant at forfattaren er «skolebest. Hambro» (RA: Riksadvokatens: Journalsaker, Journalsaker 1909, jan.-juni, jnr. 1016 1909).

<sup>34</sup> *Social-Demokraten* 24. mai 1909.

velanstændighet eller den almene sedelighetfølelse er krænket», som det var formulert i avisa. Dette var så absolutt tilfelle i denne saka, meinte artikkelforfattaren.

Medan partiets hovudorgan slik støtta *Arbeidet*, gjekk ei anna av hovudstadsavisene, *Verdens Gang*, eit stykke på veg statsadvokat Vedeler i forsvar: dei hevda at forhørsretten sannsynlegvis ville kome fram til det same som han, at det ikkje var grunn for framleis fengsling av frykt for øydelegging av bevis eller kjøp av vitne.<sup>35</sup> Den vidare behandlinga av saka var noko anna: Riksadvokaten stadfesta overfor avisa at Vedeler var fritatt for vidare behandling av saka på grunn av at han hadde «et økonomisk mellemværende med sigtede»<sup>36</sup> *Arbeidet* reagerte på Kristiania-avisa sin omtale, dette stadfesta jo berre at statsadvokaten frå starten av burde halde seg heilt unna saka.<sup>37</sup>

### Reprimande frå riksadvokaten

Så langt har me følgd avisene si omtale av Sundt-saka. Kan andre kjelder gi oss eit tydelegare bilete av kva saka handla om? Det var etter å ha mottatt eit telegram frå Ivar Angell-Olsen 16. mai, at riksadvokat Harald Smedal blei merksam på saka og bad om ei forklaring frå statsadvokaten i Bergen.<sup>38</sup> Kristoffer Vedeler hevda i sitt svar at han allereie då han fekk vita om saka hadde villa erklæra seg inhabil, men at han ikkje rakk orientera riksadvokaten om dette laurdagen då Sundt var blitt arrestert.<sup>39</sup>

Same kvelden besøkte han likevel Sundt i fengselet, og dagen etter greip han inn og sytte for at Sundt blei friset. Han meinte det var gjort ein klar feil ved å fengsla Sundt, og at det derfor uansett hadde vore rett å setja Sundt fri.<sup>40</sup> Riksadvokaten var ikkje samd i dette resonnementet, han svarte at når statsadvokaten først hadde kome fram til at han var inhabil, burde han heller ikkje ha gripe inn i spørsmålet om lauslating, men overlate avgjerda til politimeisteren eller forhørsretten.<sup>41</sup> Smedal konkluderte med at Vedeler skulle vera fritatt for å ha noko med saka å gjera vidare, og instruerte politimeisten om i den vidare prosessen å kommunisera direkte med riksadvokaten.<sup>42</sup> Det ser ikkje ut for at saka fekk vidare konsekvensar for Vedeler.

<sup>35</sup> *Verdens Gang* sitert i *Arbeidet* 5. juni 1909.

<sup>36</sup> Riksadvokaten til *Verdens Gang*, gjengitt i *Arbeidet* 4. juni 1909.

<sup>37</sup> *Arbeidet* 4. juni 1909.

<sup>38</sup> RA: Riksadvokaten, Journaler og registre, Journal XIV 1909-1910, folio 82, 877; Journalsaker, Journalsaker 1909, jan.-juni, 959-09 (ii). Telegram *Arbeidets* redaktør, Bergen 16/5; RA: Riksadvokaten: Kopibøker, Kopibok 1907-1916, pag. 480, 18/5.

<sup>39</sup> RA: Riksadvokaten, Journalsaker, Journalsaker 1909, jan.-juni, 959-09, Brev frå statsadvokaten i Bergen og søndre Bergenhus til Riksadvokaten, datert Bergen 24. mai 1909, s. 1.

<sup>40</sup> *Ibid.*, s. 4.

<sup>41</sup> RA: Riksadvokaten: Kopibøker, Kopibok 1907-1916, pag 493, brev frå Riksadvokat Harald Smedal til statsadvokat Vedeler datert 27. mai 1909.

<sup>42</sup> *Ibid.*, pag 494, brev frå Riksadvokat Harald Smedal til politimeisteren i Bergen, datert 27. mai 1909.

## Frikjenning

*Arbeidet* hadde skrive at Sundt sine forhold hadde gått føre seg i mange år, men det var berre forholdet til dei to gutane som blei etterforska i dette tilfellet. Det einaste som elles finst av av konkrete opplysningar var ein merknad frå statsadvokaten om at Sundt for 8-10 år sidan hadde fått ei åtvaring av politiet då han hadde «stillet opfordring til en politikonstabel om utugtig omgjængelse med denne». <sup>43</sup>

Då arkiva etter forhørsretten gjekk tapt i den store bybrannen i 1916, er detaljane i saka noko uklare. Kjelder frå politiet og statsadvokaten har etter ein del leiting gjort det mogleg å identifisera dei to gutane som ein 15-åring og ein 18-åring. <sup>44</sup> I dekninga av saka blei det ikkje trekt nokon tydeleg distinksjon mellom dei to – dei blei tala om under eitt; og det heile blei framstilt som eit tilfelle av homoseksuelt misbruk av ungdom (eller berre som «homo-sagen» eller «homoskandalen»). Dessutan peikte både *Arbeidet* og *Social-Demokraten* på § 213, sjølv om sistnemnde også nemnde at det elles fanst andre lovføresegner mot seksuelle forhold med mindreårige. I røynda ville forholdet til den yngste, om det blei bevist, blitt råka av § 196 eller § 212 om ein skulle følgd lova sin intensjon.

Når det gjeld kva som blei utfallet av saka har eg berre hatt *Arbeidet* si dekning av ho som kjeldegrunnlag. 12. juni byrja «de retslige forundersøgelser i anledning homo-skandalen» i forhørsretten – for lukka dører. <sup>45</sup> Forhøra heldt fram utover sommaren, men det hadde i følgje ein artikkel i *Arbeidet* 24. august ikkje kome fram vesentlege nye opplysningar. Forholdet til den eine av gutane (den eldste) blei stadfesta, men han var over 16 år, noko som gjorde at det ikkje var «absolut strafbart» etter § 213. <sup>46</sup> Dessutan låg det i sakas natur at det var vanskeleg å finna bevis i slike saker «ti de implicerte skal nok vide at holde sin mund».

Resultatet av forhøra blei dermed at påtalemakta ikkje fann grunn til å forfølgja saka vidare. *Arbeidet* avslutta si dekning av saka med å poengtera at det ikkje spelte stor rolle for dei om den sikta blei dømd eller ikkje. Hovudføremålet hadde vore å «stanse uvæsenet», at unge personar blei dratt inn i kretsar der dei tok skade på både «legeme» og moral. Om dette no hadde blitt oppnådd, hadde dei nådd målet.

<sup>43</sup> RA: Riksadvokaten, Journalsaker, Journalsaker 1909, jan.-juni, 959-09, Brev frå statsadvokaten i Bergen og søndre Bergenhus til Riksadvokaten, datert Bergen 24. mai 1909, s. 5.

<sup>44</sup> Avisene nemnde aldri namnet på dei to, men dei er namngjevne i kjelder frå politiet og statsadvokaten. SAB: Hordaland Statsadvokatembete, A.13, Justisprotokoll 1908-1909, sak 274-09 og Bergen politikammer (uordna arkiv), Forretningsjournal 1909, sak 152. 14/5 1909. Fødselsdato- og år er ikkje nemnd i desse kjeldene, men gjennom folketeljingar og, for den yngste sin del, gjennom arkiva til verjerådet og Ulvsnesøy skuleheim, har det vore mogleg å identifisera dei. SAB: Bergen folkeregister, Folketelling 1912. BBA: A-2614 Bergen kommune. Barnevernsnemnda. Journal for Bergen vergeråd 1908-1911 og A-0368 Ulvsnesøy skole. Elevprotokoll Fa 3. Jf. også SAB: Lensmannen i Bruvik, 20.2. Protokoll over inn- og utflytte 1901-1918.

<sup>45</sup> *Arbeidet* 12. juni 1909.

<sup>46</sup> *Arbeidet* 24. august 1909.

Medan 18-åringen blei dømd til 30 dagar fengsel for tjuveriet, blei konsekvensen for 15-åringen at han blei plassert i Ulvsnesøy skuleheim ved Osterøy.

### Sundt-saka og § 213

Sundt-saka kastar eit interessant lys over handhevinga av straffelovas § 213. I Bergen hadde paragrafen berre vore nytta ein gong før sidan lova trådde i kraft. Det skjedde i 1906 då ein 58 år gammal mann blei dømd for å ha hatt seksuell omgang med ein 16-åring og ein 27-åring. Alle tre var innsette på Arbeidsanstalten. Retten meinte det førelåg press eller tvang, og som straffeskjerpande blei det lagt til at dei to ofra til «en vis Grad lider af Aandssvaghed». <sup>47</sup> Neste gongen § 213 blei brukt i Bergen var heile ti år seinare, i 1916. I dette tilfellet hadde ein stuert «forført» den 16 år gamle bysseguten på båten dei arbeidde på til seksuell omgang, noko som førde til at førstnemnde blei dømd for både brot på § 213 og for seksuell omgang med ein person under 18 år som sto under hans oppsyn (§ 197). <sup>48</sup>

I begge desse tilfella var det altså snakk om tvang og andre faktorar: stor aldersskilnad, «Aandssvaghed» og utnytting av underordna. Angell-Olsen har truleg ikkje kjend til dommen frå 1906, i alle fall er han ikkje nemnd i avisa si dekning av saka homoskandalen tre år seinare.

Slik eg tolkar *Arbeidet* sitt referat av Sundt-saka var alderen til 18-åringen avgjerande for at det ikkje kom til påtale og dom. I forhøra må ein ha konkludert med at det ikkje var andre skjerpande omstende – «almene hensyn» – som gjorde at det i denne saka var naudsynt å reisa tiltale. Slik sett viser Sundt-saka at det skulle svært mykje til for det blei reist tiltale i tilfelle av sex mellom menn. Det skjedde ikkje ein gong når aldersskilnaden var stor og når det var snakk om ein skandale som i høgste grad hadde skapt «offentlig forargelse».

### Det gode selskap

Fridtjof Sundt slapp altså frå det heile utan påtale eller dom. For lesarane av *Arbeidet* verka dette sannsynlegvis som ei stadfesting av at samfunnstoppa kunne sleppa unna med det meste. Saka må også ha gitt blanda signal til kretsane av «perverse 'mandfolk'» *Arbeidet* hadde nemnd. Ho stadfesta på den eine sida at frykta deira for å bli gjenstand for skandale var høgst reell; <sup>49</sup> på den andre sida var utfallet eit signal om at seksualitet mellom menn stort sett ikkje blei behandla på annan måte av lovverket enn heteroseksuelle forhold, med mindre det var heilt spesielle forhold til stades.

Sundt-saka må ha vore ei stor påkjenning for mange av dei involverte. *Arbeidet* kjende nok til at utanlandske «homo-skandalar» ofte hadde enda med sjølv-mord. Noko liknande skjedde ikkje med Fridtjof Sundt. Han fekk sitt privatliv bretta ut i avisspaltene, men kan også ha følt at

<sup>47</sup> Jordåen, «Frå synd til sjukdom?», 66.

<sup>48</sup> Ibid, 66-67.

<sup>49</sup> Ebbe Hertzberg sine brev vitnar om korleis frykta for skandalar prega liva til homoseksuelle menn som han, og at denne blei forsterka av nyhende om utanlandske skandalar på byrjinga av 1900-talet. NB: Brevsamling 222a: Hertzberg til Andræ, udatert [sannsynlegvis april eller mai 1903].

han hadde store delar av eliten og den borgarlege pressa i ryggen. Det ser ut for at skandalen heller ikkje gjekk ut over den økonomiske eller kulturelle posisjonen hans.

Nokre år etter skandalen flytta Sundt til ein ny villa i Kalfarveien 49, like ved der han hadde våkse opp. Her blei han buande til han døydde.<sup>50</sup> Ikkje lenge etter kjøpte han og sørspissen av øya Skorpo i Os der han bygde ein svær sommarvilla og eit anlegg som inkluderte mellom anna drivhus, musikkhall og kjeglebane. Han blei verande kasserar for Det Nyttige Selskab til han døydde i 1922. Han spelte dessutan ei sentral rolle i Harmonien i åra etter 1909. Heller ikkje i familien kan Fridtjof ha vorte nokon paria. Som ei markering av at det var hundre år sidan faren C. Sundt var fødd, samlast om lag 90 slektningar seg på Skorpo hos Fridtjof i 1916.<sup>51</sup>



Fridtjof Sundt var ein ivrig seglar og deltok i fleire regattaer. Udatert foto, ukjend fotograf. Universitetsbiblioteket i Bergen, Billedsamlingen: UBB-BS-OK-05374-001.

Sundt-saka var kanskje den første «homoskandalen» som fekk brei publisitet i Norge. Medan omgrepet homoseksualitet hadde vore nytta før, særleg dei to-tre føregåande åra, var det første gong det blei brukt aktivt i media i tilknytning til ei norsk skandale. Saka gir oss slik ny kunnskap om korleis likekjønna seksualitet blei forstått på byrjinga av 1900-talet, men den berører også tema som seksualitet og aldersskilnad, rettstryggleik og politikk. I det følgjande vil eg gå litt nærmare inn på korleis Sundt-saka tematiserte desse spørsmåla og setja ho inn i ein større samanheng.

### Psykiatrien: Den homoseksuelle som mennesketype

I *Arbeidet* si dekning av saka var ordet homoseksualitet (eller variantar av det) hyppig brukt, og saka har utan tvil bidratt til å popularisera dette relativt nye omgrepet.<sup>52</sup> Det blei første

<sup>50</sup> Han hadde kjøpt familieeigedomen – Kalfarveien 43 og 49 i 1905, og selde Kalfarveien 43 vidare til Klaus Reimers i 1911, før han busette seg på nr. 49. SAB: Byfogd og byskriver i Bergen: Pantebok nr. II.B.a.63, 1903-1905, s. 402, skøyte underteikna 10. januar, tinglyst 20. januar 1905, og Pantebok nr. II.B.a.69, 1910-1912, s. 341. SAB: Bergen folkeregister: Folketeljingar 1912, 1917 og 1922 samt folkeregisterkort for Fridtjof Sundt.

<sup>51</sup> Finne-Grønn, Den vestlandske slekt Sundt, 217.

<sup>52</sup> Kortforma «homo» kjenner me elles i kjelder først frå 1930-talet (Jordåen, *Frå synd til sjukdom?*, 110).

gong nytta i Tyskland i 1869. Før hadde likekjønna seksualitet vore definert som «sodomi», ein type alvorlege syndige og kriminelle handlingar. No blei dette synet utfordra av ein ide om at seksualiteten måtte forståast medisinsk, og at «den homoseksuelle» var ein eigen type menneske som blei styrt av ibuande og gjerne medfødde drifter. Dette nye synet – og omgrepet homoseksualitet – fann vegen inn i norske lærebøker i psykiatri på 1890-talet.<sup>53</sup>

Den medisinske kategorien homoseksualitet var skapt i dialog med «pasientane», og til dels oppsto det ein allianse mellom legar og sjølvdefinerte homoseksuelle som kjende seg igjen i beskrivingane og fann fødd sånn-tankegangen nyttig.<sup>54</sup> I 1886 hadde professor Ebbe Hertzberg (1847–1912) reist til Tyskland for å få legeerklæring på at han var fødd homoseksuell. Det hadde nemleg versert rykte om at han hadde hatt seksuelle forhold til unge menn frå arbeidarklassa; med erklæringa søkte han å visa overfor universitetsleiinga heime i Kristiania at det han kalla si «støbning» ikkje var ein moralsk brest, men ein medfødd tilstand (utan særleg hell).<sup>55</sup>

Den medisinske kategorien «homoseksualitet» og fødd sånn-diskursen blei altså brukt både til diagnostisering og som sjølvforsvar. I Tyskland danna dette utgangspunkt for den første rørsla for homoseksuelle, skipa i 1897 av legen Magnus Hirschfeld. Forståinga av homoseksuelle som ei gruppe menneske som var (fødd) slik, byrja å få ei viss utbreiing i løpet av det første tiåret av 1900-talet, parallelt med at omgrepet homoseksualitet i aukande grad avløyste det gamle «sodomi». I Noreg var omgrepet stort sett eit framandord utanfor legebøkene, først i samband med store europeiske skandaleprosessar som Eulenburg-affæren (sjå nedanfor) i tidsommet 1906-1909 blei bruken utvida.<sup>56</sup>

Ein grundigare diskusjon kjenner me berre til frå eit lukka selskap: Det Medicinske Selskab i Kristiania. Her hadde psykiateren Henrik Dedichen (1863–1935), som dreiv Dr. Dedichens privatasyl i Østre Aker og som også gav ut *Tidsskrift for nordisk retsmedicin og psykiatri*, innleia om homoseksualitet i 1906.<sup>57</sup> Han presenterte då det moderne psykiatriske synet om at homoseksualitet var ein medfødd sjukeleg tilstand, og dermed ikkje kunne straffast. Det var relativt avgrensa kva legane kunne gjera, meinte Dedichen, bortsett frå sterkt å rå homoseksuelle frå å gifta seg. (Men hypnose hadde visstnok verka i visse tilfelle.) Straff hadde særleg uheldige følgjer – det førde til stadig frykt for å bli avslørt, ei frykt som ikkje minst blei utnytta av meir eller mindre profesjonelle pengeutpressarar.

<sup>53</sup> Sjå Jordåen «Inversjon og perversjon», 89.

<sup>54</sup> Historikaren Harry Oosterhuis har vist at dette langt på veg var eit tovegsforhold (Oosterhuis, *Stepchildren of nature*).

<sup>55</sup> Jordåen, «Fødd sånn eller blitt sånn?» og Jordåen, «Inversjon og perversjon», 80-88.

<sup>56</sup> Den første førekomsten av omgrepet eg kjenner til i ei norsk avis er frå 1903, då psykiateren Eyvind Krogh skreiv ein artikkel frå Berlin om rørsla for homoseksuelle og «det tredje kjønn» i Tyskland (*Verdens gang* 25. mars 1903). Men dette ser ut for å vera eit temmeleg isolert tilfelle.

<sup>57</sup> Dedichen, «Om homoseksualitet», jf. Jordåen, «Inversjon og perversjon», 106-122.

### «disse naturens stedbarn»

Sundt-saka gav Dedichen eit høve til å ta synspunkta sine ut i det offentlege rom. Den 3. juni 1909 polemiserte han i *Social-Demokraten* mot dei to sosialdemokratiske avisene si framstilling av homoseksualitet som noko berre djupt forderva menneske kunne finna på.<sup>58</sup> Sanninga var tvert om at mange var fødd med «saadanne abnorme anlæg». Om ein sette seg inn i situasjonen ville ein sjå det som ein stor urett at menneske måtte lida for noko dei ikkje sjølv kunne for. Dedichen såg homoseksualitet som ein tilstand i grenselandet til sinnssjukdom. Av denne grunn, og elles fordi det burde vera ei privatsak kva vaksne menneske gjorde seg i mellom, burde det vera lovleg. Ein burde ha medynk «med disse naturens stedbarn paa jorden og ikke hidse med stadig nye korstog mod dem».

*Arbeidet* meinte Dedichen vrøvla: Dei ønskte ikkje å behandla homoseksuelle som vanlege forbrytarar. Artiklane hadde nemleg ikkje først og fremst handla om straff, men om vern: Korleis ein skulle gjera slike perverse personar uskadelege var ei sak som måtte avgjerast av rettsvesenet i samråd med «kriminalister» og legar. Når Dedichen ikkje hadde fått med seg dette, meinte dei det måtte henga saman med at han ikkje kunne ha lese *Arbeidet* sine artiklar.<sup>59</sup>

### Fødd sånn eller blitt sånn?

Både Dedichen og Angell-Olsen påropte seg såleis ein medisinsk diskurs, men sistnemnde var i tillegg opptatt av verneaspektet. Men om homoseksuelle var ei avgrensa gruppe menneske som var fødd slik, kva var det då ein måtte verna samfunnet mot? Om Dedichen sto for eit konsekvent syn på homoseksualitet som medfødd, var teoriane om dette innan legevitskapen såvel som i samfunnet elles, langt meir ambivalente. Dedichen sitt innlegg i Det Medicinske Selskab i 1906 førde til at temaet blei heftig diskutert av medisinarane i hovudstaden på medlemsmøta til langt ut på våren 1907. Mange av dei, særleg psykiatrane, såg homoseksualitet som medfødd. Samtidig meinte fleire (i motsetning til Dedichen) at det også fanst ei stor gruppe som var fødd med ein ubestemt seksualitet: Kva impulsar ein fekk i oppveksten var avgjerande for om seksualiteten utvikla seg til å bli homo- eller heteroseksuell. Det blei dermed viktig å pensa driftene på rett «spor» i ungdomsåra. Motsett måtte ein motverka homoseksuell påverknad, ikkje minst «forføring» frå eldre personar.

Kan me av artiklane lesa ut eit liknande syn på homoseksualitet hos *Arbeidet*? Det blei i avisa brukt omgrep frå det medisinske språket, som «perverse'mandfolk» og «degenererte personer».<sup>60</sup> Det blei presistert at så lenge desse heldt seg utelukkande til vaksne likesinna var det ei privatsak.<sup>61</sup> Dette må vel tolkast som at ideen om at det fanst nokre personar som var ibuande homoseksuelle ikkje var heilt framand for avisa. *Social-Demokraten* var endå tyde-

<sup>58</sup> *Social-Demokraten* 3. juni 1909.

<sup>59</sup> *Arbeidet* 5. juni 1909.

<sup>60</sup> *Arbeidet* 15. og 22. mai 1909.

<sup>61</sup> *Arbeidet* 15. mai.

legare på at homoseksualitet var ein sjukeleg medfødt tilbøyelegheit.<sup>62</sup> Problemet oppsto når det ikkje avgrensa seg til forhold mellom godt vaksne, men gjekk ut over unge personar – når «strafbare laster uantastet breder sig vidare og vidare til fordærv for mange».<sup>63</sup> Akkurat kva denne faren for ungdommen besto i er noko uklar. Men *Arbeidet* brukte uttrykk som at ungdommen blei «forført» til laster som «forkvakla» heile deira utvikling og øydela dei både fysisk og intellektuelt.<sup>64</sup> Angell-Olsen ser slik ut til å ha ein ide om at homoseksualitet også var noko som kunne spreia seg, eit spor ein kunne komma inn på i ungdommen for så å bli verande på – med store negative konsekvensar.

*Arbeidet* sin tale om forderving, forkvakling og laster, kan til forveksling likna på sedelegheitsrørsla sin samtidige propaganda, der det blei åtvvara mot følgjene av usedelegheit, som inkluderte all seksuell aktivitet før ekteskapet. Kring hundreårsskiftet fanst det ein stor litteratur som åtvvara mot onani og førekteskapeleg sex skrive av pedagogar og prestar. Her kunne ein til dømes finna åtvaringar om tenestejenter frå lågare sosiale lag som lærte opp heile søskenflokkar av unge gutar frå borgarlege heimar til umoral.<sup>65</sup> Litteraturen må forståast i lys av ei større uro over at sedløysa spreidde seg i takt med ein veksande urban underklasse lausriven frå tradisjon og tradisjonelle familieinstitusjonar. Av dei same aktørane kunne arbeidarrørsla, som arbeidde for å undergrava dei eksisterande samfunnsinstitusjonane, bli oppfatta som ei kjelde til moralsk oppløysing.<sup>66</sup> Med Sundt-saka kunne Angell-Olsen snu skytset i motsett retning, og knyta dei umoralske impulsane til toppane i samfunnet.

### Overkultur og undergang

Det norske sosialdemokratiet hadde heller ikkje før 1909 gått av vegen for å skulda aristokratiet og borgarskapet for dekadens og utsvevande livsstil. I samband med diskusjonen om styreform i 1905 blei det spreidd rykte om eit mistenkeleg forhold frå prins Carl (Haakon VII) si fortid. Republikanar og prest Alfred Eriksen frå Arbeidarpartiet brukte dette i sine innlegg i stortingsdebatten, og hevda at usedeleg og utsvevande livsstil var eit kjenneteikn ved dei europeiske kongehusa.<sup>67</sup> Å kopla aristokratiet og storborgarskapet til utskeingar og dekadent livsstil, særleg homoseksualitet, var etablert kost i den tyske SPD-prensa (til dømes i samband med avsløringane *Vorwärts* hadde kome med om den store industriherren Friedrich Krupp i 1902).<sup>68</sup>

Om perioden frå slutten av 1800-talet til første verdskrig var ein høgsesong for skandalar, var den såkalla Eulenburg-affæren eit av dei desiderte høgdepunkta. Her blei to av keisar Wilhelm II sine næraste medarbeidarar skulda for å vera homoseksuelle, noko som førde til ei lang

<sup>62</sup> Social-Demokraten 24. mai 1909.

<sup>63</sup> *Arbeidet* 21. mai 1909.

<sup>64</sup> *Arbeidet* 15. mai 1909.

<sup>65</sup> Sjå t.d. Klaveness, *Ungdoms-Usædelighed*, 45, jf. Jordåen, «Inversjon og perversjon», 66 n. 212.

<sup>66</sup> Hall, *Scandal, sensation*, 146.

<sup>67</sup> Bomann-Larsen, *Folket*, 405-408 og 435-438.

<sup>68</sup> Om Krupp-skandalen sjå m.a. Hall, *Scandal, sensation*, 178.

rekke av søksmål og motsøksmål – og ei enorm internasjonal pressedekning. Den nye oppfatninga om «homoseksualitet» som ein biologisk-psykologisk eigenskap var ikkje heilt ukjend før 1907, særleg ikkje i Tyskland, men omtalen av prosessane knytt til Eulenburg-affæren førde til eit breiare gjennombrot, ei popularisering av både ordet og den nye måten å forstå likekjønna seksualitet på.<sup>69</sup>

I den tyske sosialdemokratiske pressa blei Eulenburg-affæren tolka som teikn på eit forfall blant elitane som varsla undergang for det rådande systemet. Det kan sjå ut for at den norske arbeidarprensa brukte den same retorikken.<sup>70</sup> Den 26. oktober 1907 kunne til dømes *Social-Demokraten* forklara at prosessane gav eit gruffullt «kulturbillede af det moderne samfund». Liknande skandalar hadde i tida før den franske revolusjonen demonstrert kva for ein rotneskap som herska blant dei som sat med makta: «Om det end er saa, at skandaler ikke er nok til at styrte en herskende klasse – der maa sterkere magter til for at gjøre det – saa viser dog disse samme skandaler, at de nævnte klasser er modne til undergang».<sup>71</sup> I *Social-Demokraten* sin diskurs kunne altså homoseksualitet lesast som eit tydeleg forvarsel om at dei herskande klassane og det systemet dei heldt oppe, sto framfor undergangen.<sup>72</sup>

Eulenburg-affæren pågjekk heilt fram til 1909, og utløyste også nye avsløringar og skandalar knytt til homoseksualitet. Under ein månad før Sundt-skandalen blei smurt utover *Arbeidets* spalter, hadde arbeidaravisa *Bratsberg-Demokraten* i Skien meldt at den «raaddenskab» som hadde kome fram om dei øvre sjikta i Tyskland ikkje avgrensa seg til mennene: «Ogsaa adelens og burgeoisiets forfinede fruer er gennem tiderne blevne saa overkultiverede – det er et fint udtryk for perversitet –, at de stifter homoseksuelle dameklubber og arrangementer og arrangerer de berygtede skjønheitsaftener».<sup>73</sup>

Koplinga borgarskap/adel med dekadens/degenerasjon/overkultur og bruken av homoseksualitet som eit kroneksempel på dette, var altså også til stades i spalten til den norske arbeidarprensa før avsløringane i *Arbeidet*, sjølv om det då stort sett handla om utanlandske saker.

<sup>69</sup> Domeier, Eulenburg-Skandal.

<sup>70</sup> Eg har søkt i Nasjonalbibliotekets digitaliserte aviser i tillegg til å ha gått inn i nokre sentrale norske aviser (på mikrofilm) kring viktige datoar i Moltke-Eulenburg-affæren. Dette viser at skandalen fekk stor merksemd i norsk presse. Ordet «homoseksualitet» blei hyppig brukt, og det kan sjå ut for at det er i samband med denne skandaleprosessen at ordet fekk eit gjennombrot i norsk presse. Ei meir systematisk utforsking av den norske pressedekninga av desse skandalane føreligg ikkje.

<sup>71</sup> *Social-Demokraten* 26. okt. 1907.

<sup>72</sup> *Social-Demokraten* sitt oppslag hadde underoverskrifta «Et kulturbillede», og teksten kan gjerne ha vore direkte inspirert av eit tilsvarande oppslag i det tyske sosialdemokratiets hovudorgan: To dagar tidlegare (24. oktober) hadde nemleg *Vorwärts*, under overskrifta «Ein Kultur- und Sittenbild», samanlikna dei sørgjelege tilstandane i krinsen kring Wilhelm II med dei (u)moralske tilhøva blant eliten i Det osmanske riket, eit imperium på veg mot avgrunnen, som det franske før revolusjonen (Domeier, *Eulenburg-Skandal*, 56).

<sup>73</sup> *Bratsberg-Demokraten*, 27. april 1909.

### Degenerasjon snudd på hovudet

Internasjonalt kan ein seia at omtalen av Eulenbug-affæren i avisene 1907-1909 bidrog til å snu den tradisjonelle dikotomien om ein moralsk førebiletleg elite versus ein usivilisert masse, som sto sentralt i samtidas degenerasjonsteori, på hovudet.<sup>74</sup>

I *Arbeidet* si dekning av Sundt-saka finn me i tillegg til ein kritikk av at borgarskapet såg gjennom fingrane med uakseptable seksuelle praksisar, også ein direkte brodd mot sedelegheitsforeiningane og andre moralforkjemparar. Laurdag 22. mai hadde avisa eit stort oppslag med overskrifta «Hvor er vogterne af den borgerlige moral?»<sup>75</sup> Sjølv om den borgarlege sedelegheitsrørsla hadde gjort mykje bra, hadde desse moralpredikantane i følge Angell-Olsen vore heilt tause om denne typen laster, trass i at dei hadde visst om kva som føregjekk, at born og unge blei dratt inn i det og «smitten græb om sig som kræft». Om dei degenererte personane det var snakk om hadde blitt stogga tidlegare, ville sannsynlegvis mange unge menn, som no var øydelagde, enno ha vore hederlege og uforderva menneske. Gjennom avsløringar av uakseptabel seksuell åtfærd i borgarskapet kunne den unge arbeidarrørsla konfrontera den politiske og økonomiske overmakta. Historikaren Ditlef Grumbach har vist korleis den tyske arbeidarrørsla knytte sin negative omtale av homoseksualitet til eit proletært «Prinzip der Nützlichkeit», eit puritansk ideal av reinskap, askese og offervilje som blei stilt opp som ein sterk kontrast til adelens og borgarskapets utsvevande livsstil og luksus.<sup>76</sup> Sundt-saka kan slik lesast som eit slag i kampen om det moralske hegemoniet mellom arbeidarrørsla og dei borgarlege.

### Makt, misbruk og seksualitet

Sjølv om Sundt-saka blei omtalt som ei homoskandale, er det problematisk å sjå ho utelukkande som eit tidleg døme på at ei «homofobisk» stemning blei piska opp.

Det må understrekast at *Arbeidet* sjølv poengterte at «saalænge disse personer kun søgte selskab med voksne ligesindede» kunne ein med ein viss rett oppfatta det som ei privatsak som det ikkje var grunn til å gripa inn i.<sup>77</sup> *Social-Demokraten* presisterte også at homoseksualitet var ei sjukeleg medfødd tilbøyelighet som ikkje i seg sjølv skulle straffast.<sup>78</sup> I Tyskland hadde faktisk SPD, ut frå tanken om homoseksualitet som medfødd eigenskap og prinsippet om privatlivets fred, aktivt støtta kampen mot lovforbodet mot seksualitet mellom menn. Dette prinsipielle standpunktet sto ikkje i vegen for at partiet samtidig kunne oppfatta homoseksualitet som ein perversjon som ikkje måtte spreia seg vidare utover i samfunnet.<sup>79</sup>

<sup>74</sup> Domeier, Eulenbug-Skandal, 55.

<sup>75</sup> *Arbeidet* 22. mai 1909.

<sup>76</sup> Grumbach, «Die Linke und das Laster», 18.

<sup>77</sup> *Arbeidet* 15. mai 1909.

<sup>78</sup> *Social-Demokraten* 24. mai 1909.

<sup>79</sup> Grumbach, «Die Linke und das Laster», 18.

I Sundt-saka spelte *Arbeidet* openbart på eksistensen av negative haldningar til likekjønna seksualitet. Men saka handla ikkje om eit forhold mellom to vaksne menn: Den sterke folkelege indignasjonen må ikkje berre tolkast som ein protest mot homoseksualitet som sådan. Resolusjonen som blei skriven under etter det store møtet på Folkets Hus understreka at det handla om å verna unge mot «efterstræbelse fra perverse og degenererte personer», og at dette måtte skje gjennom eit samarbeid mellom skule og foreldre.<sup>80</sup> Eit vesentleg element i Sundt-saka var også at det var snakk om ein markant klasseskilnad: dei to gutane kom frå arbeidarklassa, ein av dei hadde vakse opp som uekte son og fått hard behandling av sin stefar.<sup>81</sup> Det låg altså eit sterkt sosialt element i saka, og brodden gjekk mot at folk med pengar og makt kunne unndra seg lover og reglar.

I perioden frå kring 1910 til midt på 1920-talet danna det seg ein opinion for sterkare reaksjonar og strengare straffar mot sedelegheitsbrottsverk. Særleg gjaldt det forhold med mindreårige.<sup>82</sup> Homoseksualiteten var berre eit sidetema i denne debatten, men det var likevel slik at ein oppfatta at den sto i ei særstilling. Det ser ut for å ha vore konsensus om ein seksuell lågalder på 16 år for heteroseksualitet. Homoseksualitet blei derimot oppfatta som særleg skadeleg heilt opp til kring 20-årsalderen. *Arbeidet* hadde tala om at ungdommen «forføres til laster, der beviselig forkvakler hele deres udvikling».<sup>83</sup> Psykiatrien såg utover på 1900-talet i aukande grad på seksualiteten som formbar, og ideen om at ein kunne forførast til homoseksualitet – forføringsteorien – blei styrka. For å hindra at fleire blei homoseksuelle måtte samfunnet verna ungdommen mot homoseksualitet i oppveksten, og dette kunne ein særleg gjera ved strenge sanksjonar mot at vaksne menneske hadde seksuell omgang med ungdom av same kjønn under 21 år. Både på 1920-talet og 1950-talet la psykiatrar som var tilhengarar av denne teorien premissane for forslag til endringar av § 213 som involverte ei oppheving av det generelle forbodet mot at ein sette ein høgare «vernealder» for homo- enn heteroseksualitet. Sjølv om desse forslaga blei forkasta, skjedde det ei justering av praksis i tråd med dei same prinsippa: Riksadvokaten kom i 1925 med ein merknad om at i tilfelle der den eine parten i eit seksuelt forhold mellom to menn var under 21 år, var det grunn til å reisa tiltale for brot på § 213 (mot den eldste).<sup>84</sup> I den neste store norske skandalen som involverte likekjønna seksualitet, Den store sedeleghetssak i Bergen i 1938, blei 34 menn over 21 år dømd for seksuell omgang med gutar under 21.<sup>85</sup> Slik sett kan ein snakka om ei innskjerping – Fridtjof Sundt ville truleg ha blitt dømd for forholdet til 18-åringen om det hadde skjedd 20 år seinare.

<sup>80</sup> *Social-Demokraten* 26. mai 1909.

<sup>81</sup> BBA: A-2614 Bergen kommune. Barnevernsnemnda. Journal for Bergen vergeråd 1908-1911.

<sup>82</sup> Sjø Skålevåg, «Kjønnsforbrytelser». I denne samanhengen er det også interessant at den unge Elise Ottesen-Jensen, seinare markant seksualopplysar og leiar for RFSU, som journalist i *Arbeidet* under Angell-Olsen i 1914 tok til orde for isolering av seksualforbrytarar og behandling av dei i staden for straff (Thorgren, *Ottar och kärleken*, 36).

<sup>83</sup> *Arbeidet*, 15. mai 1909.

<sup>84</sup> Jordåen, «Inversjon og perversjon», 206-207.

<sup>85</sup> Jordåen, «Frå synd til sjukdom?», 81-113.

Ideen om at homoseksualitet var spesielt skadeleg for unge menneske, og at ein måtte verna ungdommen mot dette også om dei var over 16 år, var ein underliggande premiss i *Arbeidet* si dekning av Sundt-saka. Det same låg til grunn for psykiatrane sin forføringssteori. Då § 213 blei oppheva i 1972, var det etter iherdig argumentasjon frå Det norske forbundet av 1948 for at teorien ikkje kunne stemma, og at det såleis ikkje var naudsynt å erstatta paragrafen med ein høgere seksuell lågaldar for homo- enn heteroseksualitet.<sup>86</sup>

### Skandalar som historisk tema

Frank Bösch har i sin studie av skandalar i Tyskland og Storbritannia kring år 1900, vist at desse kan vera fruktbare innfallsportar til å forstå tidas normer. Han meiner dei fortel oss noko om den mediale og politiske kommunikasjonen i ei tid. Dei viser oss korleis offentlegheita har fungert, og ikkje minst korleis grensene mellom den offentlege sfæren og det private og løynde har vore definert til ulike tider. Dessutan kan nærlesingar av skandalar gi innblikk i korleis normer og fortolkingsmønster har endra seg.<sup>87</sup>

Når det gjeld Sundt-saka ser me at normene for kva som var offentleg og kva som var privat blei utfordra. *Arbeidet* demonstrerte at dei ikkje gjekk av vegen for å trekka inn privatlivet til kjende og mektige personar for å setja sosiale spørsmål på dagsorden. Avsløringane om Sundt gjekk dessutan inn i eit nytt fortolkingsmønster knytt til seksualitet der den tradisjonelle degenerasjonsteorien blei snudd på hovudet. I særleg grad gjaldt dette spesifikt for homoseksualitet: rekka av skandalar i åra 1907-1909 bidrog til å etablere eit bilete av homoseksualitet som noko som særleg hefta ved borgarskapet, som eit av dei mest prominente teikna på «borgarleg dekadanse».

Opphoppinga av skandalar kring hundreårsskiftet kan oppfattast som eit uttrykk for eit forfall i pressa, ei rørsle bort frå «seriøs» journalistikk mot sensasjonisme. Men dette skjedde i den same tidsperioden som ein for alvor fekk ei pluralistisk og kritisk presse. Bösch hevdar at skandalane også må sjåast i eit slik perspektiv: effektane av dei store skandalane var ikkje berre personlege tragediar, men og lovreformer, endra åtferdsreglar og politiske omveltningar.<sup>88</sup> Sundt-saka var slik sett ikkje berre ei øving i dyneløfting på høgt nivå, men også eit høve til å stilla kritiske spørsmål om ulikskap for lova, normer for akseptabel seksuell åtferd og sosial ulikskap i samfunnet.

Gjennom rapportar frå Berlin hadde den norske sosialistiske pressa kunna bringa beskrivinga av ein dekadent tysk elite til sine lesarar. Med Sundt-skandalen hadde redaktør Angell Olsen og *Arbeidet* tatt det heile heim og gitt lesarane ei vaskeekte bergensk historie om ein norsk elite i fritt moralsk fall. Tilfellet Fridtjof Sundt illustrerte at den verkelege umorale ikkje måtte søkast blant dei rå og usiviliserte massane og deira ugudelege politiske førarar i den sosial-

<sup>86</sup> Halsos, «When public interest demands», 98-99.

<sup>87</sup> Bösch, *Öffentliche Geheimnisse*, 3-5.

<sup>88</sup> Bösch, *Öffentliche Geheimnisse*, 3.

demokratiske rørsle, men at rotenskapen tvert om treivst best blant dei som hevda å forsvare moralen og dygdene. Men Sundt-saka var ikkje berre ei historie om eit borgarskap i indre moralsk oppløysing. Her var det i tillegg snakk om at styggedomen blei kanalisert nedover i samfunnet ved at arbeidarklassa sine søner sto i fare for å bli øydelagd for livet. Det var med andre ord den diametralt motsette forteljinga av den ein fann hos (den borgarlege) sedelegheitsrørsla: Arbeidarklassa måtte vernast mot ei potensielt omseggripande borgarleg sed-løyse, ei seksuell smitte ovanfrå. Og det heile viste seg altså å vera ein umåteleg vellukka strategi som heilt konkret mobiliserte hundrevis av arbeidarar til å troppa opp på Folkets Hus og skriva under ein resolusjon. Her sto dei sameina av ei djupfølt oppleving av eit samfunn prega av sosial og juridisk ulikskap kopla med ein moralsk indignasjon over (ikkje lenger) unemnelege seksuelle praksisar. I Sundt-saka vov sosial kritikk og seksuell avsløring seg slik saumlaust saman til eit kraftfullt mobiliseringsverktøy i den sosiale kampen.

### Sundt-saka i eit større perspektiv

Sundt-saka gir eit fortetta bilete av ei tid og ein stad; av ein tilspissa situasjon der mange av samfunnet sine normer og reglar sto på spel. Men ho opnar også for vidare studiar av ei rekke tema og problemstillingar. Ein kan til dømes sjå nærmare på korleis ei ny kritisk offentlegheit førde til eit utvida syn på offentlege personar sine handlingar i det som tradisjonelt hadde vore oppfatta som privatsfæren. Spesielt kan det vera interessant å utforska korleis det i dette tidsrommet vaks fram ein nytt ordskifte om seksualitet, der spørsmålet om grensene for akseptabel seksualitet, særleg med omsyn til ungdom og mindreårige, blei drøfta med ein ny intensitet. Arbeidarpressa si rolle i dette har knapt vore behandla tidlegare. Når det gjeld homoseksualitet har forskinga til no rekna med at eit breiare offentleg ordskifte om tematikken først for alvor blei ein realitet på 1930-talet.<sup>89</sup>

Sundt-saka viser at ein også i Noreg fekk ein «homo-skandale» som på liknande vis som i Sverige, Danmark og Tyskland populariserte homoseksualitetsomgrepet og tok det inn i offentlegheita. Til ein viss grad ser dette ut til å ha bli følgd opp i åra etter. I 1911 og 1912 gjekk romanen *I skyggen av Karl Johan* av Øvre Richter Frich som følgjetong i *Social-Demokraten*, og i 1913 kom skodespelarinna Ranka Knudsen med romanen *Drude Helmers egteskab*. Bøkene handla om korleis degenererte homoseksuelle menn kunne øydelegga livet til uskuldelege kvinner.<sup>90</sup>

Homoseksualiteten blei altså etablert som eit sosialt problem i den norske offentlegheita i tidsrommet 1906-1913. Førstillinga om at denne «perversjonen» var som ein kreftsvulst som truga med å spreia seg frå ein liten minoritet av degenererte og perverse til ein større del av folket, og ideen om at det kravst særleg vern av unge, skulle dominera debatten om temaet heilt til § 213 blei oppheva i 1972.

<sup>89</sup> Sjå t.d. Jordåen, «*Frå synd til sjukdom?*», 81 og Kristiansen, *Masker og motstand*, 63-83.

<sup>90</sup> Sjå Gatland, Mellom linjene 95-97, Rohde Rafto og Drude Helmers egteskab.

## Litteratur og kjelder

### Litteratur og trykte kjelder

- Amundsen, Roald & Olav Simonnæs. *Manufakturfirmaet Sundt gjennom 100 år*. Bergen. Berg, Adolph. *Musikkselskabet Harmonien 1765-1945, b. 1*. Bergen: Selskabet, 1945.
- Bjørnson, Øyvind, *På klassekampens grunn (1900-1920)*, b. 2, red. Arne Kokkvoll & Jakob Sverdrup, *Arbeiderbevegelsens historie i Norge*. Oslo: Tiden, 1990.
- Bomann-Larsen, Tor. *Folket, Haakon & Maud II*. Oslo: Cappelen Damm, 2012 [2. opplag].
- Bösch, Frank. *Öffentliche Geheimnisse. Skandale, Politik und Medien in Deutschland und Großbritannien 1880-1914*. München: Oldenbourg, 2009.
- Dedichen, Henrik Arnold Th. «Om homoseksualitet». I *Tidsskrift for nordisk retsmedicin og psykiatri*, 6 (1906): 152-180.
- Domeier, Norman. *Der Eulenburg-Skandal. Eine politische Kulturgeschichte des Kaiserreichs*. Frankfurt: Campus, 2010.
- Finne-Grønn, Stian Herlofsen. *Den vestlandske slekt Sundt. Genealogisk-personalhistoriske meddelelser med portrætter og prospekter*. Chra: Det mallingske bogtrykkeri, 1916.
- Gatland, Jan Olav. *Mellom linjene. Homofile tema i norsk litteratur*. Oslo: Aschehoug, 1990.
- Grumbach, Detlef. «Die Linke und das Laster. Arbeiterbewegung und Homosexualität zwischen 1870 und 1933». I *Die Linke und das Laster. Schwule Emanzipation und linke Vorurteile*, redigert av Detlef Grumbach. Hamburg: MännerschwarmSkript, 1995.
- Hall, Alex. *Scandal, sensation and social democracy. The SPD Press and Wilhelmine Germany 1890-1914*. Cambridge: Cambridge University Press, 1977.
- Halsos, Martin Skaug. «Norway 1842-1972: When public interest demands». I *Criminally Queer. Homosexuality and Criminal Law in Scandinavia, 1842-1999*, redigert av Jens Rydström & Kati Mustola, 91-116. Amsterdam: Aksant, 2007.
- Jordåen, Runar. «Frå synd til sjukdom? Konstruksjonen av mannleg homoseksualitet i Norge 1886-1950». Upublisert hovudoppgåve. Universitetet i Bergen. 2003.
- Jordåen, Runar. «Inversjon og perversjon. Homoseksualitet i norsk psykiatri og psykologi frå slutten av 1800-talet til 1960». Avhandling (phd), Universitetet i Bergen. 2010.
- Jordåen, Runar. «Fødd sånn eller blitt sånn?». I *Prosa. Tidsskrift for sakprosa* 21, nr. 5 (2015): 37-43.
- Klaveness, Fredrik. *Befrielsen fra den første Ungdoms-Usædlighed og dens Følger under fysisk-ethisk Kjønsforstaaelse. Foredrag til Studenterne*. Kristiania: Alb. Cammermeyer, 1888.
- Kristiansen, Hans W. *Masker og motstand. Diskré homoliv i Norge 1920-1970*. Oslo: Unipub, 2008.
- Linder, Doris H. *Seksualpolitikk og kvinnekamp. Historien om Elise Ottesen-Jensen*. Oslo: Tiden, 1996.
- Nordahl, Konrad. *Minner og meninger*. Oslo: Tiden, 1967.
- Oosterhuis, Harry. *Stepchildren of nature: Krafft-Ebing, psychiatry, and the making of sexual identity*. Chicago: University of Chicago Press, 2000.

- Rognlien, Jon og Nik Brandal. *Den store ml-boka. Norsk maoisme sett nedenfra*. Oslo: Kagge, 2009.
- Rohde Rafto, Heidi *Drude Helmers Egetskab*. Under publisering i MELK. Et skeivt kulturtidsskrift, nr. 3 (2017).
- Rolland, Asle. *Arbeiderpressen 1884-1940. Differensiering og sentralisering*. Oslo: Institutt for presseforskning, Universitetet i Oslo, 1979.
- Skålevåg, Svein Atle, «Kjønnsforbrytelser. Sedelighet, seksualitet og strafferett 1880-1930». *Tidsskrift for kjønnsforskning* 33, nr. 1-2 (2009): 7-25.
- Svendsen, Arnliot Strømme. «C. Sundt». I *Norsk biografisk leksikon*, Oslo 2009. Henta 20. desember 2016 frå [https://nbl.snl.no/C\\_Sundt](https://nbl.snl.no/C_Sundt).
- Thorgren, Gunilla. *Ottar och kärleken*. Stockholm: Norstedts, 2011.
- Wiesener, A. M. *Det nyttige selskab. En historisk oversigt over selskabets virksomhet i 150 aar*. Bergen: J.D. Beyer, 1924.

### **Utrykte kjelder**

#### Bergen Byarkiv (BBA)

- A-2614 Bergen kommune. Barnevernsnemnda. Journal for Bergen vergeråd 1908-1911.
- A-0368 Ulvsnesøy skole. Elevprotokoll Fa 3.

#### Statsarkivet i Bergen (SAB)

Nykirken Sokneprestembete. H/Haaa: Ministerialbok nr. B 2, 1858-1869, s. 123.

Bergen folkeregister:

- Folkeregisterkort Fridtjof Sundt.
- Kommunale folketeljingar 1912, 1917 og 1922.

Byfogd og byskriver i Bergen:

- Pantebok nr. II.B.a.63, 1903-1905.
- Pantebok nr. II.B.a.69, 1910-1912.

Hordaland Statsadvokatembete:

- A 13 Justistprotokoll 1908-09.
- E 5 Brevjournal 1906-09, 668.

Bergen politikammer (uordna arkiv): Forretningsjournal 1909, sak 152, 14/5 1909.

Lensmannen i Bruvik: 20.2. Protokoll over inn- og utflytte 1901-1918.

#### Nasjonalbiblioteket (NB)

Brevsamling 222a, Papirer vedk. Hertzberg, Ebbe: Hertzberg, Ebbe til Andræ, Poul.

#### Riksarkivet (RA)

Riksadvokaten:

- Journaler og registre, Journal XIV 1909-1910.
- Journalsaker, Journalsaker 1909, jan.-juni.
- Kopibøker, Kopibok 1907-1916.